
Fra: olaveth . <olaveth@gmail.com>
Sendt: tirsdag 6. mars 2018 22:49
Til: Kristin Moe; Harry Finseth; Berit M Eskeland;
magnus.reiakvam@norconsult.com
Emne: Re: 18/3539 Revidert planteikning vegtrase Hestdal - Myrvollane

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Fullført

Eg syner til brev av 21 februar med revidert plantrase.

I kommunen sitt nye framlegg er vegen lagd rett ovanfor skytja (vedhuset).

Det hev ingen verdi for meg å framleis ha skytja ståande. Ho kan ikkje brukast til noko likevel. Ho kjem til å verta heilt fråskild frå resten av tunet mitt med støypekant/gjerde på den andre sida av vegen - og det er ikkje mogleg å bruka skytja til noko når det gjeng ein trafikkert bilveg rett forbi henne.

Derimot hev det langt større verdi for meg um vegen vert flutt endå lengre ned og vekk frå huset mitt.

Eg bed difor om at vegen vert flutt lengst mogleg ned og vekk frå huset mitt, ogso om det inneber å riva skytja.

Frå kommunen sitt framlegg ser det ogso ut til at delar av den gamle vegen forbi huset mitt vert øydelagd av skråning ned til den nye vegen. For meg er det av stor verdi om den gamle vegen rundt huset mitt framleis kan nyttast som min private veg. Ogso difor ynskjer eg å få den nye vegen so langt vekk at ein slepp å øydeleggja den gamle vegen.

Venleg helsing
Olav Torheim

2018-02-21 12:42 GMT+01:00 Kristin Moe <kristin.moe@meland.kommune.no>:

Sjå vedlegg